



Bakgrunn for vedtak

Uttak av grunnvatn til AquaGen AS avd. Profunda

Ørsta kommune, Møre og Romsdal



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshavar	AquaGen AS
Referanse	202112508-12
Dato	01.09.2022
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Ine Cecilie Mork Olsen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.setjas automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9

7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

SAMANDRAG	1
SØKNAD	2
HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING	5
NVE SI VURDERING	8
NVE SIN KONKLUSJON.....	13
FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK	14
MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA.....	15
ANDRE FORHOLD	ERROR! BOOKMARK NOT DEFINED.
VEDLEGG	17

1 Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 45 til auka uttak av grunnvatn. Grunnvatnet skal nyttast til produksjon av stamfisk, rogn og yngel. Det er søkt om eit uttak av inntil 2 250 m³/døgn (26 l/s) og eit gjennomsnittleg uttak over året på 505 000 m³ (16 l/s). Aukinga skal skje gjennom å ta i bruk fleire grunnvassbrønnar i same område som det tidlegare er gitt løyve til grunnvassuttak.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulemperne vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulemperne til eit akseptabelt nivå.

NVE legg vekt på at utbygging av brønnane har skjedd stegvis, der grunnvassnivå og potensialet for kvar brønn er avdekka ut frå prøvepumping. Vassbalansen og korleis uttaket vil påverke grunnvassmagasinet i områda omkring brønnane er vurdert. Førebyggjande tiltak som kontrollmålingar av grunnvassnivå skal bidra til at det ikkje oppstår endra kvantitativ eller kvalitativ tilstand i akviferen, ved at vassuttaket blir endra eller stansa dersom målingar viser ein negativ trend.

NVE vurderer ut frå søknaden og høyringsuttalane at uttaket ikkje vil få vesentlege konsekvensar for naturmangfald eller andre allmenne interesser. NVE legg òg vekt på at tilstrekkeleg vassforsyning er ei viktig forutsetning for vidare drift og utvikling av ei etablert bedrift, og med det sikre sysselsetjing og verdiskaping i lokalsamfunnet.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev AquaGen AS avd. Profunda løyve etter vassressurslova § 45 for grunnvatn til sitt oppdrettsanlegg i Barstadvik. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

2 Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå AquaGen AS, datert 09.07.2021:

«Søknad om konsesjon for uttak av grunnvann til landbasert oppdrett (akvakultur) - Ferskt grunnvann til AquaGen AS avd. Profunda

AquaGen AS avd. Profunda ønsker å benytte grunnvann fra et grunnvannsmagasin i Barstadvik i Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke, i sin produksjon, og søker herved om følgende tillatelser:

Etter vannressursloven, jf. § 45, om tillatelse til:

- *å ta ut inntil 2 250 m³/døgn (26 l/s) grunnvann og et gjennomsnittlig uttak over året på 505 000 m³/år (16 l/s) til AquaGen AS avd. Profunda i Barstadvik.»*

2.1 Hovuddata for grunnvassuttak i Barstadvik

TILSIG (Storelva og Kokelva)

Nedbørfelt	km ²	30,4
Middelvassføring i vassdrag	l/s	2480
Alminneleg lågvassføring	l/s	127

GRUNNVASSMAGASIN

Infiltrasjonsområde	km ²	0,15
Berekna grunnvassdanning infiltrasjon	l/s	5,9
Berekna tilsig grunnvassstraum	l/s	96

GRUNNVASSUTTAK

Gjennomsnittleg uttak	l/s	16
Maksimalt vassuttak	l/s	26
Antal brønnar	stk.	12

2.2 Om søkjar

AquaGen AS eig og driftar oppdrettsanlegget i Barstadvik. Anlegget var tidlegare eigd av Profunda, og vart kjøpt opp av AquaGen i 2017. Profunda vart stifta i 1998 der forretningsideen var å utvikle eit landbasert marint oppdrettsanlegg for biosikker produksjon av stamfisk, rogn og yngel.

AquaGen avd. Profunda si næringsverksemd er landbasert produksjon av stamlaks i saltvassfasen. Eksisterande vassforsyning baserer seg på salt grunnvatn frå lausmassar, og laksen blir frakta til eit anna landanlegg som har ferskvatn for sluttmodning til gyteklar stamlaks. Med ferskt grunnvatn, i tillegg til salt grunnvatn, vil oppdrettsanlegget bli komplett og kan halde heile livssyklusen til laksen i landanlegget, frå rogn til gyteklar stamlaks.

Det er etablert fleire lausmassebrønnar for grunnvassuttak ved anlegget, både for uttak av saltvatn og ferskvatn. I 2015 vart det søkt om konsesjon for uttak av ferskt grunnvatn, og i 2016 innvilga NVE konsesjon for uttak av maksimalt 9,7 l/s.

2.3 Tidlegare handsaming etter vassressurslova

I 2015 søkte Profunda AS om konsesjon for uttak av ferskt grunnvatn frå to lausmassebrønner på gnr./bnr. 92/4 og 91/2 (brønn B1 og B14) for sitt anlegg. Det vart søkt om eit gjennomsnittleg uttak over året på 7 l/s (605 m³/døgn, 220 752 m³/år) og maksimalt døgnforbruk på inntil 9,7 l/s (840 m³/år).

Det vart innvilga løyve for uttak av ferskt grunnvatn av NVE i konsesjon datert 26.04.2016. NVE vurderte i den saka at det var mest hensiktsmessig å berre sette krav til eit maksimalt uttak på 9,7 l/s fordi det kunne vere vanskeleg for bedrifta og NVE, å overhalde og kontrollere eit gjennomsnittleg uttak på 7 l/s.

Det vert no søkt om eit auka uttak med eit samla gjennomsnittleg uttak på 16 l/s og maksimalt uttak på 26 l/s. Grunnvassuttaket vil bli fordelt på 12 brønner.

2.4 Skildring av området og grunnvassmagasinet

Tiltaket er lokalisert i Barstadvik i Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke. Oppdrettsanlegget er lokalisert like nord for E39 som går gjennom Barstadvik. Brønnane ligg innanfor eit større område ved Melbøen, mellom Barstadvegen og Storelva, og innanfor eit område ved oppdrettsanlegget.

Barstadvik markerer inngangen til ein U-dal, Barstaddalen, som er orientert nord-sør mot Storfjorden i nord. På vestsida av dalen finn ein fjella Klovekinn (920 moh) og Masdalshornet (977 moh), og på austsida av dalen ligg Romestrandshornet (911 moh) og Jønshorn (1419 moh). Fjellformasjonane i regionen inngår i dei kjente Sunnmørsalpane. Barstadvik er også innfallsport til sidedalen Molladalen.

Fleire bekker og mindre elver drenerer fjellsidene før dei dannar Barstadelva som renn gjennom dalen. Etter samløp med Tverrelva går elva under namnet Storelva fram til den munnar ut i fjorden aust for oppdrettsanlegget. Vest for anlegget munnar den mindre elva Kokelva ut i fjorden.

Grunnvassmagasinet er karakterisert som opent og er ein del av ei større breelv- og elveavsetning som har bygd seg ut i fjorden, og strekkjer seg langsmed Storelva/Barstadelva frå fjorden og ca. 6 km sørover innover i dalen. Magasinet er avgrensa mot fjellskråningane. Breelvavsetningane finst i dag i høgareliggande terrassar og under elveavsetningane, mens elveavsetningane dominerer i dei lågareliggande områda ut mot fjorden. Georadarmåling, sonderboring og brønnboring gjennom fleire år har gitt informasjon om mektigheita av sand og grus i Barstadvik frå anlegget og ca. 500 m sørover. Ifølgje søknaden viser elveavsetningane betre forhold for grunnvassuttak enn breelvavsetningane lenger oppe i dalen, som har mykje stein og blokk i topplaget, samt hardt pakka massar av sand og silt.

2.5 Eksisterande inngrep

I tilknytning til AquaGen sitt oppdrettsanlegg er det etablert brønner til saltvass- og ferskvassproduksjon, landbasert oppdrettsanlegg og tilhøyrande lokale og teknisk infrastruktur.

2.6 Tekniske installasjonar


Det er planlagt å nytte tolv brønner i produksjonen. Jf. figur 1 er fire av brønnane lokalisert på elvevifta nord for E39, like ved oppdrettsanlegget. Dei andre seks brønnane er lokalisert lengre inn på elveavsetninga sør for E39 i området Melbøen. Det er i søknaden opplyst at det på sikt kan vere aktuelt å ta inn to andre brønner i produksjonen. Desse er allereie etablert, men fungerer per i dag som peilebrønner (B1 og B2). På kartet i figur 1 er produksjonsbrønnane markert med gul sirkel, mens peilebrønnane er markert med rosa sirkel.

Trasé for eksisterande og planlagde vassleidningar knytt til uttak av ferskt grunnvatn er også vist i figur 1. Eksisterande vassleidningar med ulike dimensjonar er markert med ulikt farga liner, mens planlagde vassleidningar er markert med blå stipla line.

AquaGen har allerede konsesjon for uttak av grunnvatn frå B5. Det er sett opp ein tank og eit pumpehus rett ved B5 som alle brønnar i Melbøenområdet vart kopla til i samband med prøvepumpinga. Alle vassleidningane er grave ned. Vassleidningane i Melbøenområdet og fram til anlegget går stort sett gjennom dyrka mark. Dei siste 250 metrane fram til anlegget er leidningen lagt under eksisterande veg.

Det er planlagt ei overvassgrøft på sørvestsida av oppdrettsanlegget, og vassleidningane frå brønnane B6, B22, B23 og B37, som enno ikkje er lagde, vil bli lagt i denne grøfta. Vassleidningane frå brønnane i Melbøenområdet og ved anlegget, går inn i eit bygg kor vatnet blir behandla med lufting, PH-justering og UV. Det er òg planlagt å leggje vassleidningar frå brønnane B1 og B2 og inn mot oppdrettsanlegget. Desse brønnane er i dag peilebrønnar, men det er vurdert å ta dei i bruk på sikt.

Nå det gjeld tilkomst til brønnane er det i søknaden opplyst at det er etablert en veg på ca.100 meter fram til pumpehuset ved B5. Det har vore eit ønske for søkjar å etablere brønnane i nærleiken til eksisterande infrastruktur som straum og veg.



Figur 1 Oversikt over eksisterande og planlagt infrastruktur. Trasé for etablerte vassleidningar er markert med ulikt farga liner og nye/planlagde vassleidningar er markert med blå stipla line.

2.6.1 Arealbruk

Barstadvik og Barstaddalen er prega av industri (oppdrettsanlegget) og busetnad i området ut mot fjorden. Det er òg busetnad vidare innover dalen. E39 går gjennom Barstadvik. Dalbotnen har også område med delvis full- og overflatedyrka jord, samt beite og skog.

2.7 Forholdet til offentlege planer

2.7.1 Kommuneplan

Reguleringsplan for anleggsområdet, gjeldande frå 13.02.2020, viser at tomte der sjølve oppdrettsanlegget ligg, samt brønnane B6, B22 og B37, er regulert til næringsformål. Brønnen B23 samt alle brønnane i Melbøenområdet ligg innanfor eit område som er regulert til friluftsmål (LNF-område).

2.7.2 Verneplan for vassdrag

Vassdraget inngår ikkje i verneplan for vassdrag.

2.7.3 Nasjonale laksevassdrag

Storelva/Barstadvikaelva er ei lakseførande elv over ei strekning på ca. 4,7 km. Elva er ikkje ei nasjonal lakseelv, og den har ikkje utløp i ein nasjonal laksefjord.

3 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal peiker på at Kokelva og Storelva (Barstadvikelva) ligg innanfor nedbørsfeltet til brønnane, og at sistnemnde har oppgang av laks- og sjøaure. Statsforvaltaren vurderer ut frå opplysningane i søknaden at verknadene på det akvatiske miljøet vil vere ubetydelege. Det er vidare vurdert at moglege verknader på naturmiljøet er gjort greie for i søknaden og at det ikkje er merknader til dei vurderingane som er gjort. Statsforvaltaren meiner det er viktig med ei overvaking av grunnvassstanden, og er nøgd med at det skal utarbeidast planar for overvaking og grunnvasskvalitet.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til at Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i fylkestinget i desember 2021, og skal behandlast av Kommunal- og distriktsdepartementet i mars 2022. Vassforvaltningsplanen skal leggst til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med plan og bygningslova § 8-2 og vassforskrifta § 29. Fylkeskommunen minner om at ein som hovudregel ikkje kan gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må vurderast etter vassforskrifta sin § 12.

Tiltaket gjeld grunnvassførekomst Barstad med vann-ID 095-359-G som har miljømål om god kvantitativ tilstand. I tillegg er vassførekomsten Barstadvikelva, med vann- ID 095-42-R i området for uttak. Denne har miljømål om godt potensial. Tilstand for mellom anna sjøaure er ikkje god. Slik det kjem fram av planane for tiltaket, vurderer Fylkeskommunen at desse ikkje vil kome i konflikt med miljømål for vassførekomstane i området.

Mattilsynet viser til at Ørsta kommune eig og drifrar eit grunnvassforsyningsanlegg i nærleiken av dei etablerte brønnane til AquaGen AS. Mattilsynet meiner at den kommunale vassforsyninga er vurdert og teke omsyn til i planprosessen, men peiker på at det er viktig å sikre at kapasiteten og kvaliteten på drikkevassforsyninga ikkje blir svekka over tid, også dersom forbruket skulle auke i framtida. Det vert føresett at akvakulturanlegget på lik line med vassverket etablerer gode rutinar for

måling/dokumentasjon av vasskvalitet og grunnvasstand for å kontrollere at forholda i magasina er stabile. Mattilsynet oppmodar til eit godt samarbeid mellom verksemda og vassverkseigar for å sikre at interessene til begge parter blir ivareteke, også i samband med framtidig arealplanlegging, men forventar at drikkevassomsynet til bygda veg tyngst.

Statens vegvesen har ingen merknadar til at det blir gjeve løyve til uttak av grunnvatn, men minner om at tiltak/innretingar som ikkje er omfatta av reguleringsplan og er nærmare E39 enn føresegna i veglova § 29 gir løyve til, krev behandling av Statens vegvesen. Uavhengig av planstatus vil graving nærmare vegkant enn 3 meter, og/eller over E39, krevje løyve jf. veglova §§ 32 og 57.

Ørsta kommune har i si fråsegn peikt på at kart over produksjons- og peilebrønner med tilhøyrande klausuleringssoner er synt i søknaden, men at innhaldet i klausuleringa ikkje er klar. Kommunen tolkar søknaden slik at etablering vil gje restriksjonar på bruk av sprøytemiddel og husdyrgjødsel i sone 0 og 1, men at det også vil kunne kome restriksjonar på beiting, gravearbeid, lagring av petroleumsprodukt og kjemikaliar, og behov for nye tiltak mot avrenning frå E39. Kommunen synast det er uklart om dette gjeld berre sone 1 eller også sone 2. Både sone 1 og 2 omfattar eksisterande dyrka areal.

Kommunen viser til at dei tidlegare har vurdert brønnen omtala som B5 og tilhøyrande pumpehus. Kommunen meiner at omfanget i høve arealbruk no er vesentleg større og at etablering vil medføre restriksjonar på bruken husdyrgjødsel, sprøytemiddel og beiting nær brønnane, på eit betydeleg areal med dyrka jorda. Brønnane ligg likevel i ytterkant av dyrkamarka, og kommunen vurderer at spørsmålet om arealbruk, med etablering av permanente produksjonsbrønner med tilhøyrande klausuleringssoner lyt handsamast som ein dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, om det vert gitt løyve etter vassressurslova. Ved slik handsaming lyt nøyaktig innhald i klausuleringane også vere klart.

Som eigar av det lokale vassverket, vil kommunen peike på at uttaket ikkje må ha negativ innverknad på vasskvalitet eller tilgjengeleg mengde til vassverket. Dagens uttak av råvatn ved vassverket er på 35 000 m³/år, og kommunen meiner det må takast høgde for at behovet vil kunne auke i framtida.

Kommunen har elles ikkje avgjerande merknader til søknaden utover å peike på at nye grunnvassbrønner ikkje må gå utover den kommunale vassforsyninga. Kommunen har lagt ved utskrift av eigne målingar av grunnvasstand ved kommunen sine brønner frå 2013 – 2022.

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i e-post av 21.04.2022 kommentert høyringsuttalane:

«Tiltaket er avklart med alle berørte grunneiere, inkl. Barstadvik vassverk og Statens vegvesen.

Eksisterende vannforsyning ved Barstadvik vannverk er hensyntatt under arbeidet med plassering av nye brønner. Alle AquaGen sine brønner er etablert utenfor vannverkets klausuleringssoner og nedstrøms brønnene til det kommunale vannverket. Ut fra resultatene av prøvepumpingen og overvåkingen av vannstanden i brønnene til vannverket, er det ingen ting som tyder på at vannverket påvirkes av grunnvannsuttaget til AquaGen. Ved økt uttak fra vannverkets brønner eller endringer i klimatiske forhold, kan det likevel ikke utelukkes at dette kan skje. Det planlegges derfor kontinuerlig overvåking av grunnvannsnivået ved bruk av nivåsensorer i alle AquaGen sine brønner. Dersom grunnvannsnivået går under et gitt nivå i hver brønn, vil det utløses en alarm, slik at man kan justere ned uttaksmengden. I tillegg har kommunen kontinuerlig nivåovervåking på sine brønner. Det vil derfor være mulig å registrere om driften av AquaGens brønner skulle komme til å påvirke vannverkets brønner. Hvis dette skjer må man redusere uttaket i AquaGens brønner som ligger nærmest vannverkets brønner.

Det pågår arbeid med utarbeidelse av en klausuleringsplan, hvor det vil bli restriksjoner på enkelte typer arealbruk. Formålet er å redusere faren for forurensning av grunnvannet. Det vil f.eks. ikke være tillatt med bruk av naturgjødsel og sprøytemidler i en sone på 15 meter fra brønnene (målt fra kumtopp). Det er OK å bruke kunstgjødsel, samt å slå og drive jordbearbeiding, innenfor disse

sonene. Berørte grunneiere er informert om arbeidet med klausuleringsplanen og aktuelle restriksjoner, og det vil bli inngått avtaler med hver enkelt grunneier hvor gjeldende restriksjoner blir spesifisert. For de brønnene som står i områder som er satt av til LNF i kommuneplanens arealdel, vil det bli søkt om dispensasjon (gjelder i praksis en sone på 15 m rundt B32, B33, B34, B35, B38 og B39 hvor det ikke tillates naturgjødsel og sprøytemidler).»

4 NVE si vurdering

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 45 til auka uttak av grunnvatn. Grunnvatnet skal nyttast til produksjon av stamfisk, rogn og yngel. Det er søkt om eit uttak av inntil 2 250 m³/døgn (26 l/s) og eit gjennomsnittleg uttak over året på 505 000 m³ (16 l/s). Aukinga skal skje gjennom å ta i bruk fleire grunnvassbrønnar i same område som det tidlegare er gitt løyve til grunnvassuttak.

NVE behandlar vassuttak, brønnar og infrastruktur/vassveg frå inntak og fram til settefiskanlegget.

4.1 Hydrogeologiske verknader av tiltaket

Utgreiinga av dei hydrogeologiske vurderingane basert på grunnvassundersøkingar, prøvepumping, samt anna grunnlagsmateriale til søknaden, er utarbeida av Asplan Viak AS. Grunnvassførekomsten i dalen er detaljert kartlagt gjennom fleire år med grunnvassundersøkingar for både Barstadvik vassverk, Profunda og AquaGen AS avd. Profunda.


Grunnvassmagasinet er eit ope magasin, der nydanning av grunnvatn i hovudsak skjer som følge av nedbør og tilførsel av grunnvatn frå lenger oppe i dalen. Brønnane ligg nedst mot fjorden i Barstadvik, i eit relativt flatt område. Dei er plassert på ei rekkje på tvers av dalen for å fange opp mest mogleg av grunnvasstraumen, som går frå fjellområda i sør og ut i lausmasseavsetningane som møter fjorden i nord.

Når det gjeld vurderinga av vassbalansen i brønnområdet, er det estimert at nedbøren infiltrerer direkte gjennom overflata på grunnvassmagasinet innanfor eit område på ca. 0,15 km². Gjennomsnittleg avrenning i nedbørfeltet til vassdraga er i NEVINA berekna til 49 l/s per km². Da grunnvassmagasinet er eit opent magasin, er det i analysen lagt til grunn at omtrentleg 80 % av avrenninga bidreg til grunnvassdanninga. For den estimerte nedbørflata for brønnområdet vil det utgjere 5,9 l/s. Nedbøren i feltet vil med det utgjere ca. 22 % av grunnvassdanninga ved eit maksimalt uttak på 26 l/s.

Kor mykje av grunnvassdanninga som kjem frå den naturlege grunnvasstraumen gjennom dalen, er berekna ut frå parameter som hydraulisk leiingsevne og strøymingsareal i grunnvassmagasinet. Grunnvasstraumen ut mot fjorden er berekna til 96 l/s og er derfor mellom 3 og 4 gongar så høg som maksimal uttaksmengde. Det er òg dokumentert betydeleg innslag av ferskt grunnvatn ved forsøk på boring etter salt grunnvatn ved anlegget, noko som bekreftar at det er eit stort påtrykk frå grunnvassmagasinet ut mot fjorden. Det er i utgreiinga frå Asplan Viak likevel teke atterhald om at berekna grunnvasstraum ikkje tar omsyn til vêrtilhøve. Særleg i tørre/kalde periodar vil mengda grunnvatn danna ved infiltrasjon av overflatevatn og nedbør bli såpass låg at det vil påverke grunnvasstraumen utover mot fjorden.

Når det gjeld forholdet mellom grunnvassmagasinet og vassdrag, er det vurdert at det er dårleg hydraulisk kontakt mellom brønnane og elvene Storelva og Kokelva. Dette er dokumentert gjennom prøvepumping, stabil grunnvasstemperatur og redusert brønncapasitet i tørre-/kuldeperiodar. Målingar av grunnvasstand har òg vist at elva heng, det vil seie at grunnvassnivået ligg under elvevasstanden. Bidraget frå elva er derfor avgrensa, men det er vurdert at den truleg vil bidra til ein viss grad av grunnvassdanninga ved lekkasje gjennom elvebotnen.

Det er planlagt eit gjennomsnittleg uttak av 16 l/s gjennom året, og maksimalt 26 l/s pr. døgn. Forventa vassforbruk i perioden 01.04.2022 til 01.09.2023 er vist i figur 2. Det er presisert i søknaden at vassforbruket ikkje følgjer biomassen, da rogn, startfôringa og modningsavdelinga har veldig forskjellig vassforbruk og gjenbruksgrad. I modningsavdelinga blir ikkje fisken fora, så biomassen der blir ikkje endra noko særleg undervegs i kvar gruppe. Det er òg lagt opp til vassparande tiltak ved anlegget. Det er planlagt opp til 80-95 % gjenbruk av vatnet i ferskvassavdelingane, litt varierende mellom dei ulike avdelingane (smolt, modningsavdeling og rogn). I tørre/kalde periodar med lite tilsig av grunnvatn, vil vassforbruket kunne reduserast ved å senke temperaturen, redusere fôringa og antal fisk. Anlegget har også moglegheit til å kjøpe kommunalt vatn, men dette er avgrensa til ca. 1 l/s.



Figur 2 Planlagt forbruk av ferskvatn og planlagt biomasse.

I sitt høyringsinnspel har Statsforvaltaren uttalt at det er viktig med ei overvaking av grunnvasstanden, og er nøgd med at det skal utarbeidast planar for overvaking og grunnvasskvalitet. Mattilsynet peiker i sin uttale på at det er viktig å sikre at kapasiteten og kvaliteten på drikkevassforsyninga ikkje blir svekka over tid, også dersom forbruket skulle auke i framtida. Dei føresett at akvakulturanlegget på lik line med vassverket etablerer gode rutinar for måling og dokumentasjon av vasskvalitet og grunnvasstand for å kontrollere at forholda i magasina er stabile. Som eigar av det lokale vassverket er Ørsta kommune oppteken av at uttaket ikkje må ha negativ innverknad på vasskvalitet eller tilgjengeleg mengde grunnvatn til vassverket per i dag og ved eventuelt auka behov i framtida.

I følgje søknaden er det gjort målingar i ein peilebrønn som tilhøyrer vassverket (Pb_vvk) gjennom heile den felles prøvepumpingsperioden. Peilebrønnen ligg mellom vassverket sine produksjonsbrønner og dei nærmaste brønnane til AquaGen (B5 og B38). Grunnvassnivået i peilebrønnen vert i følgje søknaden i svært liten grad påverka av grunnvassuttaket til AquaGen AS. Søklar svarer i sine kommentarar til høyringsuttalane, at det ut frå resultata av prøvepumpinga og overvakinga av grunnvasstanden i brønnane til vassverket, ikkje er noko som tyder på at vassverket vil bli påverka av grunnvassuttaket til AquaGen. Ved auka uttak frå vassverket sine brønner eller endringar i klimatiske forhold, kan det likevel ikkje utelukkast at det kan skje. Det er derfor planlagt kontinuerleg overvaking av grunnvassnivået ved bruk av nivåsensorar i alle AquaGen sine brønner. Dersom grunnvassnivået går under eit gitt nivå i kvar brønn, kan uttaksmengda justerast ned. I tillegg har det kommunale vassverket kontinuerleg nivåovervaking på sine brønner.

I følgje vassressurslova § 44 skal uttak av grunnvatn avgrensast til det grunnvassmagasinet toler. Det vil seie at det ikkje kan takast ut meir vatn enn det som blir tilført. Det same prinsippet gjeld òg ei eventuell senking av kvaliteten på grunnvatnet. For å vite når eit uttak eller anna påverking av

grunnvatnet kjem over tolegrensa, er det viktig å ha kunnskap om tilstand og utvikling av grunnvassnivået.

NVE vil her leggje vekt på at utbygging av brønnane har skjedd stegvis, og at grunnvassnivå og potensialet for kvar brønn er avdekka ut frå prøvepumping. Det er i søknaden gjeve ei detaljert utgreiing av etablering av brønnane og prøvepumpinga av desse i løpet av dei siste 10 åra. Nokre av dei eldste brønnane har blitt prøvepumpa over lang tid. Korleis uttaket påverkar grunnvassnivået og korleis uttaket ved dei enkeltvise brønnane påverkar kvarandre, er vurdert etter kvart som dei har blitt bora og prøvepumpa. Av dei to brønnane som har vist stigande nivå av salinitet gjennom prøvepumpinga, har den eine fått eit nedskalert uttak og den andre er no berre nytta som peilebrønn. Mellom november 2020 og mai 2021 vart det gjennomført felles prøvepumping av dei 12 utvalde brønnane, der dei resterande brønnane vart nytta som peilebrønningar for overvaking av grunnvassnivået. Det er i søknaden opplyst at ikkje alle desse brønnane vart pumpa samtidig, fordi prøvepumpinga viste seg å vere krevjande å gjennomføre ved sidan av vanleg drift av oppdrettsanlegget. Brønnane ved Melbøen blei prøvepumpa omtrent gjennom heile perioden, mens brønnane ved anlegget måtte takast ut frå prøvepumpinga i februar, ettersom dei midlertidige vassleidningane kom i vegen for drifta av anlegget. Trass i desse utfordringane blei det teke ut over 26 l/s i ein tørrversperiode med gjennomsnittleg uttaksmengd og median for uttaksmengd på litt over 18 l/s i perioden for prøvepumpinga.

NVE legg vekt på at det samla sett ligg føre dokumentasjon på vassbalansen i grunnvassmagasinet ved uttak over tid, irekna brønnane sin kapasitet og korleis uttaket vil påverke grunnvassmagasinet.

Dersom ein ved uttak av grunnvatn legg til grunn informasjon om grunnvassmagasinet sin kapasitet, samt verknaden frå klimatiske forhold på nydanning av grunnvatn, vurderer NVE at det er sannsynleg at uttaket kan bli tilpassa kapasiteten i akviferen og at uttaket vert avgrensa til det grunnvassmagasinet toler jf. vassressurslova § 44. NVE vil her i samsvar med høyringsinnspela, leggje vekt på at det må utarbeidast ein plan for måling og dokumentasjon av vasskvalitet og grunnvasstand for å kontrollere at forholda i grunnvassmagasinet er stabile. NVE legg òg til grunn at bedrifta vil ha ei eigeninteresse i å unngå eit uttak som på sikt kan gi for lite vatn eller redusert fysisk-kjemisk kvalitet på vatnet som kan gjere vatnet ueigna for bedrifta.

For å sikre at den omsøkte aukinga av vassuttaket blir avgrensa til det grunnvassmagasinet toler, vurderer NVE at det ved ein eventuell konsesjon er hensiktsmessig å sette krav både til eit gjennomsnittleg og eit maksimalt uttak. NVE vurderer vidare at kontrollmålingar av grunnvassnivå og salinitet i akviferen både under pumping og over tid, kan bidra til å sikre at det ikkje oppstår endra kvantitativ eller kvalitativ tilstand i akviferen. Det kan derfor vere naudsynt å setje krav om at vassuttaket blir endra eller stansa dersom målingar viser ein negativ trend over tid.

4.2 Naturmangfald

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 til å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om å utnytte grunnvatn legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfald og effekt av eventuell påverknad, er basert på informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 27.05.2022. Brønnane og det meste av naudsynt infrastruktur er etablert i perioden frå 2010 og fram til 2020, noko som må tilleggast vekt i vurderinga av påverking på naturmangfald.

I følgje søknad er det innhenta informasjon om raudlista arter i nærleiken av tiltaksområdet. Det vert vist til at det kun er fuglar som er raudlista i nærleiken av brønnområdet, og at korkje grunnvassuttaket eller tilhøyrande infrastruktur vil få direkte følgjer for hekkeområde for fugl. Det er registrert ein

observasjon av blant anna Vipe som er ein kritisk trua art (CR), men det har ikkje kome fram informasjon om at området er nytta til hekking.

Verknaden av tiltaket for akvatisk miljø er i søknaden vurdert til å være ubetydeleg da prøvepumpinga har vist at grunnvassuttaket ikkje fører til nokon merkbar senking i vassføringa i nærliggande elver. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i sin uttale vist til at elvene Kokelva og Storelva (Barstadvikelva) ligg innanfor nedbørsfeltet til brønnane, og at sistnemnde har oppgang av laks- og sjøaure. Statsforvaltaren har vurdert at verknadene på det akvatiske miljøet vil vere ubetydelege, og har elles inga merknader til vurderingane som er gjort rundt moglege verknader på naturmiljøet.

NVE har i sine eigne søk ikkje funne informasjon om at det er andre artar eller vegetasjonstypar enn dei som er nemnt i søknaden, som kan bli påverka av vassuttaket og utbygginga av infrastrukturen. Det er heller ikkje registrert område med vernestatus eller viktige naturtypar i nærleiken av det planlagde brønnområdet.

NVE vurderer at det er lite sannsynleg at tiltaket vil påverke viktig naturmangfald som er kartlagt i nærleiken av brønnområdet, og at tiltaket dermed ikkje vil føre til ei auka belastning på økosystemet og naturmangfaldet, jamfør naturmangfaldlova § 10.

Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på viktig naturmangfald. Kunnskapsgrunnlag kan reknast som godt nok, jamfør naturmangfaldlova § 8. Etablering av grunnvassbrønnane vil etter NVE si vurdering ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, og det finst tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha for naturmangfald. NVE meiner derfor at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærmare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

4.3 Brukarinteresser

Brønnområdet ved Melbøen er hovudsakleg jordbruksareal/dyrka mark. Kommunen viser i sin høyringsuttale til at dei tidlegare har vurdert brønnen omtala som B5 og tilhøyrande pumpehus. Kommunen meiner at omfanget i høve arealbruk no er vesentleg større og at etablering vil medføre restriksjonar på bruk av husdyrgjødsel, sprøytemiddel og beiting nær brønnane på eit betydeleg areal med dyrkamark. Kommunen etterspør meir definert innhald i klausuleringane, da dette må vere klart for kommunen si vidare handsaming etter plan og bygningslova.

Ifølgje søknaden er det lagt til grunn same prinsipp for utarbeiding av klausuleringssoner som for drikkevatn. Klausuleringsplanen tek utgangspunkt i uttak av maks 26 l/s frå 12 produksjonsbrønnar. Det er nytta ei soneinndeling frå sone 0 til sone 2, der sone 0 har dei strengaste føringane for bruken av arealet. Ettersom avstanden mellom brønnane er stor, er det for sone 0 definert eigne brønnområde på minimum 5 x 5 meter for kvar brønn. Sone 1 er det nære tilsigsområde, mens sone 2 er det fjerne tilsigsområde.

AquaGen og Asplan Viak har i sitt svar til kommunen, vist til at det er satt i gang arbeid med å utarbeide ein klausuleringsplan med restriksjonar på enkelte typar arealbruk. Grunneigarar som dette vedkjem, er informert om arbeidet med klausuleringsplanen og aktuelle restriksjonar, og det vert opplyst om at det vil bli inngått avtalar med kvar enkelt grunneigar kor gjeldande restriksjonar blir spesifisert. For dei brønnane som står innanfor LNF-område i kommuneplanen, vil det bli søkt om dispensasjon kor det ikkje kan tillatast naturgjødsel og sprøytemiddel. Klausuleringsplanen er ikkje omfatta av NVE si handsaming etter vassressurslova, men krev vurdering og/eller løyve frå kommunen og eventuelt andre myndigheiter som til dømes Mattilsynet.

Barstadvik vassverk har to lausmassebrønnar mellom Melbøen og Storelva. Kommunen har i sin høyringsuttale sagt at uttaket ikkje må ha negativ innverknad på vasskvalitet, eller tilgjengeleg mengde til vassverket. Dagens uttak av råvatn ved vassverket er på 35 000 m³/år, og kommunen meiner det må takast høgde for at behovet vil kunne auke i framtida.

I følgje søkjer sine kommentarar til høyringsuttalen, er vassforsyninga til vassverket teken omsyn til i samband med plassering av nye brønnar. Alle AquaGen sine brønnar er etablert nedstraums brønnane til vassverket og utanfor tilhøyrande klausuleringssoner. Ut frå resultata av prøvepumpinga og overvakinga av vasstanden i brønnane til vassverket, tyder det ikkje på at vassverket blir påverka av grunnvassuttaket til AquaGen, jf. vurderingane av hydrogeologiske verknader i kapittel 4.1. Det er samstundes vurdert at det ved eit auka uttak frå vassverket eller endringar i klimatiske tilhøve, ikkje kan utelukkast at ein påverking kan skje. Søkjer har derfor planlagt kontinuerleg overvaking av grunnvassnivået ved bruk av nivåsensorar i alle AquaGen sine brønnar. Dersom grunnvassnivået går under eit gitt nivå i kvar brønn, vil det bli utløyst ein alarm, slik at uttaksmengda kan bli justert ned. Saman med kommunen si overvaking av eigne brønnar, meiner søkjer at det vil vere mogleg å registrere om uttak frå AquaGen sine brønnar påverkar vassverket sine brønnar. NVE viser her til dei hydrogeologiske vurderingane, og at kontrollmålingar av grunnvassnivå kan bidra til å sikre at det ikkje oppstår endra kvantitativ eller kvalitativ tilstand i akviferen. Ved ein eventuell konsesjon kan det òg bli sett krav om at vassuttaket blir endra eller stansa dersom målingar visar ein negativ trend over tid.

4.4 Kulturminne

Ifølgje søknaden er det mellom brønnane B37 og Pb3 avmerkt eit område kor det er registrert restar etter eit gammalt klyngetun (Klyngetunet på Lyng). Klyngetunet brann ned i 1858, men til trass for dette er bevaringsgraden registrert som sjeldan god, og tunet kjem inn under automatisk freding etter Kulturminnelova som førreformatorisk kulturminne. Tunet blei fjerna ved utgraving i 2018 av Universitetet i Bergen. Ifølgje søknaden er B37 bora frå anlegget og på skrå under kulturminnet, og korkje brønnen eller vassleidninga frå brønnen kjem i berøring med sjølv kulturminnet. Det vert opplyst at dei andre brønnane og tilhøyrande infrastruktur ikkje kjem i konflikt med registrerte kulturminne.

Klyngetunet ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for næringsområde Barstadvik datert 20.01.2020. I følgje planomtalen er det i e-post frå Riksantikvaren datert 03.09.2018, klargjort at freda kulturminne innafor planområde er frigjevne. Fylkeskommunen har i sin uttale ikkje gitt merknadar knytt til kulturminne i området. NVE vurderer ut frå desse opplysningane at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke registrerte kulturminneverdiar.

4.5 Flaum, ras og skred

I følgje søknaden er det berre brønnen B23 som ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Brønnen ligg på ein elveterrasse som er 4 m høgare enn Kokelva. Det er vurdert som svært lite sannsynleg at Kokelva vil flaume over der brønnen er plassert. Brønnane ved Melbøen ligg innanfor kartlagt aktsemdsområde for snøskred (utløpsområde). Det er ingen registrerte hendingar med snøskred i NVE Atlas som har gått over på den sida av Storelva kor brønnane er plassert. Faren for at brønnane skal bli påverka av snøskred er derfor vurdert som svært liten.

Det er i søknaden vurdert at grunnvassuttaket ikkje vil endre forholda i området i ein slik grad at det vil kunne påverke førekomsten av skred eller føre med seg endringar i erosjon- eller sedimentasjonstilhøva.

4.6 Vassforskrifta

Møre og Romsdal Fylkeskommune viser til at Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i fylkestinget i desember 2021, og skal behandlast av

Kommunal- og distriktsdepartementet i 2022. Fylkeskommunen minner om at ein som hovudregel ikkje kan gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må vurderast etter vassforskrifta § 12. Fylkeskommunen vurderer at grunnvassuttaket ikkje vil kome i konflikt med miljømål for grunnvassførekomst Barstad eller vassførekomsten Barstavikelva.

Det er søkt om eit avgrensa uttak av grunnvatn, og NVE vurderer at eit uttak må tilpassast kapasiteten i akviferen slik at grunnvassuttaket ikkje vil komme i konflikt med miljømål for vassførekomstane. Dersom det blir gitt konsesjon, vil måling og dokumentasjon av vasskvalitet og grunnvassstand vere viktig for å kontrollere at tilhøva i grunnvassmagasinet er stabile og at uttaket ikkje fører til ein dårlegare kjemisk eller kvantitativ tilstand i vassførekomsten.

4.7 Samfunnsmessige fordelar

Det er i søknaden lagt vekt på at ei vassforsyning basert på grunnvatn frå lausmassar gir ein stabil vasskvalitet, og at grunnvassuttaket derfor vil vere svært positivt med tanke på vidare drift og utvikling av AquaGen sitt anlegg. Oppdrettsanlegget vil bli komplett ved at ein kan halde heile livssyklusen til laksen på anlegget med tilgang på både ferskt og salt grunnvatn. Dette vil gi bedrifta moglegheit til å produsere biosikker lakserogn heile året, noko som igjen vil bidra til å sikre sysselsetjing innanfor næringa og verdiskaping i lokalsamfunnet.

4.8 Oppsummering

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 45 til auka uttak av grunnvatn som skal nyttast til produksjon av stamfisk, rogn og yngel. Det er søkt om uttak av inntil 2 250 m³/døgn (26 l/s) og eit gjennomsnittleg uttak over året på 505 000 m³ (16 l/s). Aukinga skal skje gjennom å ta i bruk fleire grunnvassbrønnar i same område som det tidlegare er gitt løyve til grunnvassuttak.

NVE legg vekt på at utbygging av brønnane har skjedd stegvis, der grunnvassnivå og potensialet for kvar brønn er avdekka ut frå prøvepumping. Vassbalansen og korleis uttaket vil påverke grunnvassmagasinet i områda omkring brønnane er vurdert. Førebyggjande tiltak som kontrollmålingar av grunnvassnivå skal bidra til at det ikkje oppstår endra kvantitativ eller kvalitativ tilstand i akviferen, ved at vassuttaket blir endra eller stansa dersom målingar visar ein negativ trend.

NVE vurderer ut frå søknaden og høyringsuttalane at uttaket ikkje vil få vesentlege konsekvensar for naturmangfald eller andre allmenne interesser. NVE legg òg vekt på at tilstrekkeleg vassforsyning er ei viktig forutsetning for vidare drift og utvikling av ei etablert bedrift og med det sikre sysselsetjing og verdiskaping i lokalsamfunnet.

5 NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev AquaGen AS avd. Profunda løyve etter vassressurslova § 45 for grunnvatn til sitt oppdrettsanlegg i Barstadvik. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

6 Forholdet til anna lovverk

6.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

6.2 Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter forureiningslova.

6.3 Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 45 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Statsforvaltaren høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av produksjon av rogn, yngel og stamfisk med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadar er vurdert.

7 Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

7.1.1 Post 1: Grunnvassuttak

Løyve etter vassressurslova § 45 gjeld auka uttak av grunnvatn til oppdrettsanlegg for produksjon av stamfisk, rogn og yngel, med uttak av inntil 26 l/s (2 250 m³/døgn) og eit gjennomsnittleg uttak over året på 16 l/s (505 000 m³).

For å sikre at uttak vert avgrensa til det grunnvassmagasinet toler jf. vassressurslova § 44, set NVE vilkår om måling, registrering og dokumentering av samla vassuttak og kontrollmålingar av grunnvassnivå og salinitet.

7.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar vassuttak, brønnplassering og infrastruktur/vassveg frå inntak/brønnpunkt og fram til settefiskanlegget.

Detaljert plan for grunnvassuttaket skal leggjast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar. Planen skal omfatte både etablerte brønner og vassleidningar og nye anleggstiltak. Den skal òg innehalde ein plan for registrering, måling og dokumentasjon av vassuttaket, grunnvasstand og salinitet i brønnane.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Uttak av grunnvatn	Uttak skal avgrensast i tråd med løyvet. NVE rår til at årleg gjennomsnitt blir rekna frå 1. januar til 31. desember, om ikkje anna blir vedteke gjennom detaljplan. Det skal i detaljplan leggjast ved ein kartfesta oversikt over brønnar som er eller skal setjast i drift (inkl. brønn B1 og B2) og vassleidningar mellom brønnar, pumpehus og inntaket ved settefiskanlegget. Vi rår til at det kjem tydeleg fram kva for tiltak som er etablert og kva som er nye tiltak.
Målingar av uttak, grunnvassnivå og salinitet	Vassuttaket, grunnvasstand og salinitet i brønnane skal målast, registrerast og dokumenterast overfor NVE på forlangande. Logging av vassforbruk skal gjennomførast kontinuerleg når brønnane er i bruk og måleutstyr skal installerast ved inntaket til anlegget. Gjennomføring av målingane skal gå fram av og godkjennast i detaljplan for miljø og landskap, og data som viser vassforbruket skal leggjast fram for NVE på førespurnad. Det skal utarbeidast ein plan for overvaking/kontrollmålingar av grunnvassnivå og salinitet. Grunnvasstand skal målast ved bruk av nivåsensorar i brønnane. Måling av salinitet bør skje i minimum dei to brønnane som har vist stigande nivå av salinitet gjennom prøvepumpinga.


	Resultat frå alle målingane skal lagrast digitalt slik at dei er lett tilgjengelege på førespurnad frå NVE. Detaljplanen skal omfatte ei risikovurdering og ein beredskapsplan med tiltak som skal settast i verk dersom grunnvassnivået går under eit definert nivå eller ved påvist inntrenging av saltvatn i brønnane. Planen skal gi føringar for når (på kva nivå) det blir sett i verk tiltak og den skal skildre korleis ein reduksjon eller stans av uttaket skal gjennomførast.
--	--

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

7.1.3 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

8 Vedlegg



Figur 3 Kart henta frå søknaden. I kartet er det angitt eit område som er undersøkt med georadar, sonderboringer og boring av brønner samt gjennomført uttak av vann- og masseprøver, for å avdekkje potensialet for uttak av grunnvatn i områda frå oppdrettsanlegget og innover i dalen. Lokaliteter for boring av brønner er valgt ut basert på resultatene av dette arbeidet.